



Statens Naturoppsyn

Vår ref
2010/911/18/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Trond Stensby

Dato
02.01.2012

Bestillingsdialogen 2011 Reinheimen. Rapportering bruk av middel på informasjonstiltak i Lesja (Fauttjønn, Nyseter, Rånå). Søknad om overføring av restmiddel.

Kontaktutvalet for Reinheimen / Lesja kommune har fått overført ubrukte middel frå bestillingsdialogen 2010 for informasjonstiltak i Lesja til 2011. Dette gjeld middel som var løyvd i 2007 til informasjonstavle ved Rånå (Asbjørnsdalen) og 2008 til informasjonstiltak m.m. ved Nyseter og Fauttjønn, samt tilleggsløyving til Nyseter i 2009. I tabellen nedanfor er det sett opp ein samordna rekneskapsrapport for dei ulike prosjekta:

Bestillingsdialog Reinheimen – rekneskapsrapport Informasjonstiltak Lesja				
	Fauttjønn	Nyseter	Rånå	Sum informasjonsprosjekt Lesja
Tildelt 2007/-08	90000,00	155000,00	25000,00	270000,00
Tildelt 2009		16975,00		16975,00
Forbruk 2009				
Andre utgifter	0	4600,00	0	4600,00
Inventar utstyr	0	0	0	0
Vedlikehald byggetjenester	35000	69960,80	0	104960,80
Forbruk 2010				
Andre utgifter	2974,40	0	0	2974,40
Inventar utstyr	5615,60	0	0	5615,60
Vedlikehald byggetjenester	43650,00	0	0	43650,00
Kjøp av tenester	1349,60	0	0	1349,60
Forbruk 2011				
Andre utgifter	10460,00	8513,60	0	18973,60
Andre utgifter III		0	8400,00	8400,00
Inventar utstyr	0	0	0	0
Vedlikehald byggetjenester	23292,40	29586,88	7229,60	60108,88
Sum	122342	112661,28	15629,60	250632,88
Rest 31.12.2011	- 32342,00	59313,72	9370,40	36342,12

Arbeid som er utført:**Fauttjørn**

Det er sett opp ei informasjonsbu med heil bakvegg og halve sideveggar/framvegg. Bua er gjort i utforming ”stav og laft” med utvendig kledning og tretak. I informasjonbua er det montert nasjonalparkplakat og kartplakat for Reinheimen.

**Nyseter**

Her er det sett opp eit skiltstativ med plass til 3 tavler. På stativet er det montert nasjonalparkplakat og kartplakat for Reinheimen og ein eigen plakat for Lordalen landskapsvernområde. Vidare er det sett opp bord med benkar, bålpanne og ein skigard som ei landskapsmessig tilpassing.



Rånå (Asbjørnsdalen)

Ved den store parkeringsplassen i Rånå (som elles er eigd av Direktoratet for naturforvaltning) er det sett opp eit tavlestativ og montert nasjonalparkplakat og kartplakat for Reinheimen.



Oppsummering

Det blir etter dette søkt om å overføre kr. 36.342,12 til 2012.

Midla skal nyttast til:

- Oppsetting av bronseplakett for Reinheimen NP ved innfallsport i Lordalen.
- Utfyllande info / naturstig i Lordalen LVO.

Helsing

Trond Stensby
nasjonalparkforvaltar

Kopi til:
Administrativ faggruppe Reinheimen